

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 15.07.16

Vår ref. 784/16/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. M5

Lindum AS
v/ Marianne Seland
Lerpeveien 155
3036 Drammen

E-mail
post@lindum.no
Marianne.seland@lindum.no

LINDÅS, EIKEFET OG URDAL – PLANPROGRAM FOR ENDRA REGULERINGSPLAN – DEPONI.

Viser til dykkar brev av 20.05.16, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.
Beklager litt seint svar.

Føremålet med reguleringsendringa er å kunne nytte det gamle steinbrotet til deponi for ureina jordbassar og betong som er avfall, ikkje farleg avfall.

Fiskarlaget Vest viser til vedlagde kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er regionalt viktig gytefelt for torsk i sjøområdet i nærleiken av reguleringsområdet.

Ein vil gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av eit godt havmiljø med reine og produktive fjordar, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er dermed avgjerande at ein unngår forureining frå området.



Fara for forureining til sjø både via vatn og luft må utgreiast i planprogrammet, òg for langt fram i tid.

Elles har ein ikkje merknader til planprogrammet.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo

Britt Sæle Instebo

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Rogaland
Lindås kommune

